

Referat oppstartsseminar 29. januar 2013 i Kristiansand for nytt villreinprosjekt i Setesdal Ryfylke.

Møtestad: Haven, Fylkeshuset i Kristiansand.

Desse møtte:

Tarjei Haugen	SVR
Peter Hermansen	SNO
Reidar Sandal	SNO
Per Kjetil Omholt	FMAA
Thomas C. Kiland-Langeland	FMAA
Gry Gasbjerg	FMAA
Ørnulf Haraldstad	FM Vest-Agder
Tor Punsvik	FM Vest-Agder
Hans Fløystad	Aust-Agder FK
Bjørn Hellem	Vest-Agder FK
Bjørn Brandtzæg	DNT Sør
Kjell Helle Olsen	Stavanger Turistforening
Arne Heggland	Statens Vegvesen
Per Øyvind Grimsby	Sira Kvina kraftselskap
Kristian Herregården	Bykle kommune
Edgar Vegge	Kvinesdal kommune
Inge Olav Fjalestad	Bygland kommune
Sven Sandvik	Sirdal kommune
Øyvin Moltumyr	Åseral kommune
Kristian Steine	Setesdal Ryfylke Villreinlag
Knut Nomeland	Setesdal Ryfylke Villreinlag
Helge Tonstad	Villreinnemnda
Torbjørn Fjermestad	Villreinnemnda
Jørn Haug	Villreinnemnda S, sekr.
Kai Larsen	Villreinnemnda, vara
Lars Arne Bay	Invitert ressursperson
Olav Strand	NINA
Lena Romtveit	Norsk Villreinsenter Sør (ref)
Meldt forfall:	
Gudrun Kristensen	Gjesdal kommune
Sigrd Bjørgum	Bykle kommune
Kåre Paulsen	Statkraft

Velkomst ved Ørnulf Haraldstad (FMVA) og Jørn Haug (sekr. villreinnemnda)

Fylkesmannen i Vest-Agder ved miljøvernssjef Ørnulf Haraldstad ynskter velkomen og orienterte om bakgrunnen for nytt GPS-merkeprosjektet på villrein i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane (SVR): At der er utfordringar i villreinområdet som framleis treng forskning:

- Bestandstettleiken i sørområdet.
- Trekkaktiviteten sør-nord og aust-vest.
- Ferdseleproblematikk.
- Annan menneskeleg påverking, slik som kraftmagasin og tilhøyrande infrastruktur.

Sekretær for villreinnemnda, Jørn Haug, viste til at villreinnemnda (VN) framleis skal drive med bestandsforvaltning, men at dei ynskjer å ha ei meir aktiv rolle i arealforvaltninga i villreinområdet. Dette ser ein for seg å handtere på fylgjande måte:

- Tidlege møte med kommunane ved oppstart av rullering av kommuneplanar etc.
- At dei handsamar arealplansaker igjennom arbeidsutvalet (AU).
- At lokale dispensasjonssaker handsamast av leiar, sekretær og lokal representant.
- Kunnskap om menneskelig ferdsel og sårbare beiter og trekkpassasjer må samordnes i sti- og løypeplaner, i tråd med Heiplanens intensjoner.

Tor Punsvik viste vidare til at grunnen til at ein no går vidare med bare SVR, er at det førre prosjektet skulle danne kunnskapsgrunnlaget om reinens arealbruk for heile Setesdalsheiane, medan ein no har meir spissa problemstillingar. Det vil difor vera aktuelt å gå vidare med eit tilsvarande spissa prosjekt i Setesdal Austhei (SA), og det er difor tenkt eit eige møte om dette i Valle i vinter/vår.

Saker:

1) Viktige erfaringar frå avslutta GPS-prosjekt, ved Olav Strand:

Spissinga av dette prosjektet kjem frå erfaringane frå det siste prosjektet: Dei utpeika fokusområda, samt mangelen på registreringar av rein i sør området. I det førre prosjektet fann ein ganske store endringar i reinens arealbruk frå fyrste halvdel av 1900-talet og fram til i dag. I same prosjekt gjorde NINA òg nye analyser av villreinområdet gjennom habitatmodellering. Dette gav ei god kartlegging av tilgjengelege habitat og ressursar innafør kvart område (lokale modellar), og ei samanlikning mellom områda på habitatkvalitetar (regionale modellar).

Spørsmål om kor vidt ein jaktar slik at ein påverkar arealbruken, samt om bukkane er ein nykelfaktor der, vil vera viktige punkt i eit nytt prosjekt.

Erfaringane frå førre prosjekt avdekte eit kunnskapsbehov omkring fylgjande punkt:

- Effektar av avbøtande tiltak og tilrettelegging.
- Effektar av bestandsstorleiken på reinens arealbruk.
- Effektar av jakt på reinens arealbruk.
- Bukkanes arealbruk.

Dette utkrystalliserte skissa til nytt prosjekt, jf det som fylgde i invitasjonsbrevet til oppstartsmøtet, med 4 hovudtema (sjå vedlegg 1). For å kunne gjennomføre gode undersøkingar omkring dei fire

utpeika hovudtema og fokusområda, vil det vera tenleg å opprette eigne arbeidsgrupper for kvart tema.

Olav tok deretter ein gjennomgang av kva NINA har gjort sidan avslutninga av det førre prosjektet, som t.d. at dei har testa ut ei ny type GPS sendarar; hhv 3 på HV og 3 på SA.

Desse var påmontert 4 videokamera (to i kvart område), samt eitt i kvart område som tok høgoppløyslege bilde (10 MP). Alle bilde er p.t. kopla til ein GPS-posisjon. Prosjektet er finansiert av NINA i samarbeid med Hardangerviddasenteret AS (og NVS). Olav viste nokre bilde frå dette og utpeika på at nytteverdien av desse bileta er særleg knytt til:

- Formidling.
- Overvaking av sendertilpasning (pelsslitasje etc). Dei nye sendarane har drop-off funksjon, slik at 3 av sendarane blei utløyst frå bakken (på Austheia) på 2-2,5 km avstand, medan på HV blei dei utløyst frå helikopter. Ved all merking f.o.m. 2013, vil alle nye sendarar bli påmontert med denne funksjonen.
- Bestandsestimering ved fangst/gjenfangst. Kor mange simler var det på bildet og kor mange radiosendarar var det med?
- Beitestudiar: ein dokumenterer kva dyra et og samlar inn data for bakkeverifikasjon via bilda.
- Potensiale for åtferdsstudiar frå video som eventuelt kan koplas med aktivitetsdata (kor aktivt var dyret?) og GPS-data for å lage modeller for åtferd (som ein seinare kan kjenne att i GPS-dataene).

2) Interimstyrets ambisjonar for nytt villreinprosjekt, og faglege vurderingar av mogleg måloppnåing, ved Tor Punsvik og Olav Strand.

Tor Punsvik orienterte om kvifor det er ynskjeleg med nytt prosjekt i SVR; at ein stadig ser kunnskapshol og store utfordringar for forvaltninga (sjå vedlegg 1).

Initiativtakarane er godt nøgde med oppslutninga til prosjektet; fleirtalet av dei ynskta deltakande partar har takka ja til å delta. Per i dag ser det ut til at prosjektet hamnar ca 100.000,- under budsjettet som er estimert i forslaget, dersom DN gjev tilsagn som omsøkt. Prosjektet har i dag ca 1,1 mill å planlegge ut ifrå som er signalisert at vil koma.

Han viste vidare til at overordna mål i nytt prosjekt blir å auke reinens bruk av SVR.

For å nå måla har interimstyret skissert ei organisering omkring 4 hovudtema. For kvart av desse tema, har interimstyret peika på nokre underpunkt dei meiner det vil vera viktig å sjå på tydinga av. Då kvart av tema er djuptgåande, er det foreslege ei organisering med ei arbeidsgruppe knytt til kvart tema. Desse skal jobbe sjølvstendig, med eigen leiari og sekretær, og rapportere inn til styringsgruppa. NINA vil heile vegen vera fagleg lim i dette arbeidet. Viktig at ein i dette arbeidet får med brukargruppene i dei ulike områda i desse arbeidsgruppene, for å sikre forankringa lokalt. Slik forankring hjå alle brukargruppene, samt formidling av resultat vil tilleggas stor vekt i prosjektet; den allmenne opplevinga av reinen bør vera eit sentralt punkt, for å få fleire enn bare jegerane til å bry seg om reinen.

Prosjektet er tenkt fokusert rundt følgende problemstillinger (jf vedlegg 1):

Hovudtema 1: Bestandsforvaltning og auka tettleik av villrein i sørområdet.

Setesdal Ryfylke Villreinlag utarbeider ny bestandsplan (2014-2018) i 2013. i samband med dette er det ynskjeleg å sjå på nokre punkt for tiltak, gjennom merkeprosjektet.

- Differensiert bestandsforvaltning.
- Sikre tradisjonsberarar og skjerme falskehalsar med t.d. jaktfrie soner.
- Fokus på bukkanes randsonerbruk.
- 10 bukk og 5 simler merkast i sørområdet.

Hovudtema 2: Korleis auke trekkaktivitet nord-sør og aust-vest?

Kva tyder:

- Ferdsl på og frå anleggsvegen inn til Store Urevatn i Bykle?
- Ferdsl i områda mellom Svartevatn og Blåsjø?
- Tiltak knyttet til reguleringer/-konsesjonsvilkår

Korridorar og barrierer må kartleggast og tiltak utprøvas.

Hovudtema 3: Brokke-Suleskar vegen og riksvegane mellom SR og naboområda SA og HV.

- Brokke-Suleskar stenger trekk og reduserer bruk av viktige beiteområde:
 - Tiltak: Periodevis stenging? Avgrense ferdsl frå vegen og jaktforbodssoner?
- Forbindelsane til naboområda viktig å oppretthalde –ikkje minst med tanke på harde vintrar.
- Betre kartlegging av ferdslforhold. –Kva tyder dette for reinen? Kvar ligg desse forholda på skalaen som NINA har utarbeida, som skildrar kor vidt ei påverking er viktig-mindre viktig?

Hovudtema 4: Ferdsl i Setesdal Ryfylke, konflikt med villrein og avbøtande tiltak.

- Avdekke flaskehalsar/barrierer.
- Fremme kanalisering av ferdsl –utprøve tiltak.
- Kunnskap som underlag for sti- og løypeplanar.

3) Ny 5-årig bestandsplan: prosess og tematisk innhald, ved Kristian Steine (leiar, villreinlaget).

Steine tok ein gjennomgang av dagens plan, med kommentarar til kva ein så langt har tenkt å endre i ny plan. Hovudmåla i gjeldande plan har gått på kondisjonsmål for dyra og bestandsmåla har vore deretter. Nytt i den komande planen vil truleg vera at:

- Ein vel å legge meir vekt på at dyra skal bruke støre område, snarare enn å ha hovudfokus på dyras kondisjon.
- Kanskje må mengda storbuks aukast?

Fokuset på samjakt vil halde fram, men det fungerer ikkje så godt som håpa, då det har synt seg vanskeleg å få flytta kort frå sør til nord. Villreinlaget vil vurdere å innføre ulike arealkrav i hhv nord

og sør for å utjamne dette. Ein er ikkje komne lengre med felles forvaltningsmål for Aust- og Vestheia. Etter kalveteljningane i sommar (ved 90% av bestanden telt), reknar ein at ein har ein bestandsstorleik på ca 2300 vinterdyr, med grovt rekna 1/3 i sørområdet og resten i nord.

Utfordringar i villreinforvaltinga framover:

- Nord-sør problematikk.
- Jaktfrie soner? Kompensasjonar for dei som mistar jakt. Viktig å få med statseigedomane her!
- Merkte dyr er viktig i samband med teljingar.
- Bestandsplanen vil bli vedtatt på årsmøtet, og det er grunneigarane som skal godkjenne denne, viktig difor med involvering av dei lokale laga.
- Dyretal er ikkje sagt noko om enno, men det er nemnt å doble stamma i sørområdet og behalde nordområdet slik det er i dag.

Det var semje om at det blir viktig å halde fokus på kva som vil skje med auka beitetrykk i sørområdet, og at ein difor ikkje aukar stamma i nordområdet. Generelt ynskjer ein at "eksperimentet" bør skje i sør, inklusiv jaktfrie soner og merking. På den måten kan ein analysere korleis arealbruken blir i dette området med å gjere desse tiltaka.

4) Ferdsl og villrein –aktuelle delprosjekt ved Olav Strand.

NINA har gjennomført fleire kartleggingsprosjekt i Dovre-Rondane og i Nordfjella. Det vil koma mykje kunnskap om tydinga av ferdsel frå desse prosjekta, og det vil difor ikkje bli sett i gang nye prosjekt om effekten av ferdsel på villrein. Det einaste ville vera registreringar lokalt, for å dokumentere status og trendar innafor ferdsel i det enkelte område, som eit ledd i arbeidet med fokusområda, t.d. ved Store Urevatn.

Olav viste døme på kartlegging av ferdsel i Dovre-Rondane og Nordfjella, med såkalla "Heat-map" for løypenettet og for GPS-posisjonane. Desse gjev ei visuell framstilling av hhv bruksintensiteten av menneske i kvar av løypene, og beiteområda for villreinen. Ein ser av dette materialet at løypenettet er ein god indeks på ferdsla, då mykje av trafikken fylgjer dette. Men at den varierar veldig langs løypenettet, både romleg og i tid. Det er difor viktig å skilje mellom kor høg bruksintensitet det er på dei ulike løypene. Dette er NINA i ferd med å få på plass, ved at ein no har ein modell for å måle effektane av ferdsel. Denne framstillas som ei kurve som syner forholdet mellom arealbruken av reinen og belastninga med folk i løypenettet (sjå vedlegg 1).

I dette materialet vil det vidare vera aktuelt å sjå på om ein kan legge på ein indeks for topografi, som kan gjera denne kunnskapen enno meir presis og tilpassa variasjonar i landskapet.

Ved Store Urevatn blei det gjort noko registreringar av ferdsel i 2013, men dette må gjerast meir på med utbetra metodikk. Dersom ein skal prøve stenging må det fyrst avklarast:

- Kven vil framleis ha anledning til å halde fram å bruke vegen?
- Kor stor effekt vil ein få?
- Kven rammast av stenging sett i forhold til effekten av tiltaket?

Overbygging på prosjektet og forholdet til anna forskingsaktivitet:

NINA treng å samle trådane på villreinforvaltinga i løpet av 2013 (sjå vedlegg 1).

I alle høve ser NINA det som viktig at ein lokalt brukar den spissa blyanten til dei lokale behova, men at ein ser overføringsverdien av dei resultatata som kjem frå dei overbyggande nasjonale prosjekta som t.d. på ferdsel.

Heieplanen har ein tiltaksdel, der truleg mykje av resultatata frå merkeprosjekta vil kunne brukast direkte. Men det krev gode møtepunkt som gjer at ein sikrar at denne implementeringa faktisk skjer. Til arbeidet med revisjon av kraftverkskonsesjonane, ser ein villrein er eit viktig tema, men at det er viktig å gjera eit stort overbyggande prosjekt på dette, framfor små utredningsarbeid.

For kraftregulantanes del kom det fram at dei har ei forventning inn i prosjektet, om at resultatata skal vera eit godt nok kunnskapsgrunnlag til å treffe slutningar i sine område. Ein må kjenne til graden av kost-nytte effekten i tiltak ein set i kraft. Ein ser òg at det vil vera ynskjeleg å fortseta med fellesmøte med Hardangervidda/Nordfjella prosjektet, særleg med tanke på desse problemstillingane.

5) Oppnemning av styringsgruppe, med leiar (leia av Tor Punsvik og Ørnulf Haraldstad):

Framlegg til fordeling av representantar i styringsgruppa:

Regulantane: 2 representantar:

- Forslag: Per Øyvind Grimsby (hovudtyngde sør) og Kåre Paulsen (hovudtyngde nord).

Kommunane: 3-4 representantar (ein frå kvar av fylka Rogaland, Telemark*, Aust- og Vest-Agder):

- Aust-Agder: Bykle representant (Sigrid Bjørgum) med Bygland som vara.
- Vest-Agder: Intern avklaring mellom aktuelle kommunar om hhv kven og kor vidt representasjonen skal vera politisk eller administrativ.
- Telemark*: bare Vinje kommune er aktuell: Ikkje fått tilbakemelding, men får representant i styringsgruppa dersom dei vil delta.
- Rogaland: Intern avklaring mellom aktuelle kommunar om kven som skal representere.

Fylkeskommunane: Vest-Agder har representanten: Bjørg Hellem.

Fylkesmennane: Vest-Agder representert i Setesdal Vesthei Ryfylke prosjektet, ved Tor Punsvik (Fylkesmannen i Aust-Agder vil bli representanten i Setesdal Austhei-prosjektet).

Statens vegvesen: Arne Heggland.

Villreinnemnda: Margit Smeland. Vara må oppnemnas.

Turistforeningane: Hovudrepresentant frå Stavanger; Kjell Helle Olsen, vara frå DNT Sør; Bjørn Brandtzæg.

Villreinlaget: Kristian Steine (avklarar internt), ynskjer to rep. Og Statskog kan vera aktuelle.

Verneområdestyret: Avklarar representant internt.

SNO: Peter Hermansen med Reidar Sandal som vara.

Det blei foreslått òg å ha med 2 medlemmer med observatørstatus, frå hhv **DN** og **NVS**.

Det ble reist spørsmål om vindkraft skulle tas inn i prosjektet, men det var brei semje om å halde seg til dei tema som er omtala i prosjektnotat og invitasjon. Til storleiken på styringsgruppa blei det konkludert med at det viktigaste var at prosjektet hadde brei forankring, gjennom stor geografisk, politisk, administrativ og fagleg spreining. Av framlegg til andre/nye medlemmer i styringsgruppa var det ynskje om å få med DN og NVS som observatørar. For DN sin del er dei viktige i ein overbyggande

samanheng, t.d. ved arbeidet mot revisjonsarbeidet med kraftverkskonsesjonane. Medan NVS kan vera med å sikre ei overbygging mot formidling, brukargrupper og regionale planer.

6) Val av prioriterte oppgåver og organisering av arbeidet i 2013:

Merking: Så langt har det vore ein litt tøff vinter og ein kjem difor til å vurdere merkeforholda , av omsynet til dyrevelferd. Merkeløyve frå FDU er ok, men det står att å innhente landingsløyve og løyve til motorferdsel til merking.

- Prioritering av bruk av midlar til merking:
 - o Vurderas av dei som skal merke. Avgjerast litt av kva dyr som er tilgjenglege på merketidspunktet.
- Tal merkingar er foreslege ut ifrå kva som vil gje resultat nok og kva ein har råd til.
- Viktig no med god planlegging og godt forarbeid i felt for merking, sidan ein no vil merke meir spesifikt for kvart delområde enn ein har gjort tidlegare:
 - o SNO koordinerer innsamling av data om kvar der er rein; alle bidreg med dyremeldingar dei kjenner til. Koordinator vil i hovudsak vera Reidar Sandal.

Arbeidet med ny bestandsplan:

- Praktiske ting inn i bestandsplan hastar!
 - o Fredingssoner osv (pga at desse må vere store nok og dette må verke over tid for at ein skal kunne seie noko om kor vidt dei verkar som tenkt).
- Arbeidsgruppa for sørområdet vil truleg vera relevant i dette arbeidet.
- Vedtatt plan vil ligge på bordet truleg i mars/april 2014.
- Bruke dette arbeidet som den viktigaste arenaen for forankring og formidling?

Organisering, styringsgruppe og arbeidsgrupper: Neste styringsgruppemøte blir lagt til rett før påske. På dette møtet skal:

- Styringsgruppa konstituerande seg, samt velje leiar.
- Styringsgruppa opprettar arbeidsgruppene, på bakgrunn av framlegg om organisering og representantar, frå Fylkesmannen og NINA, t.d.:
 - o Brokke-Suleskar: hovudeigar; vegvesenet?
 - o Bestandsplan: hovudeigar; villreinlaget?
 - o Nordområdet: ? Ferdsløve vil vera sentralt tema.
- Vedta arbeidsform for hhv arbeidsgruppene og styringsgruppa.
 - o T.d.: lunsj-lunsj møter der arbeidsgruppene rapporterer til kvarandre med NINA som fagleg lim?
 - o Avklare arbeidsmengde og eigarskap i arbeidsgruppene, og sikre forankring av dette hjå kvar av instansane.
 - o Kven leiar desse smågruppene og sikrar koplinga til dei andre aktørane, samt rapporterer til styringsgruppa?
- Sikre ei god forankring og handtering av dei små arbeidsgruppene opp mot den store styringsgruppa.



Adresseliste: (sendas og elektronisk)

Bykle kommune		4754 Bykle
Bygland kommune	Sentrum	4745 Bygland
Suldal kommune	Eikevegen 7	4230 Sand
Hjelmeland kommune	Kommunehuset	4130 Hjelmeland
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330 Ålgård
Vinje kommune		3890 Vinje
Hægebostad kommune	Birkeland	4595 Tingvatn
Sirdal kommune		4440 Tonstad
Kvinesdal kommune	Nesgata 11	4480 Kvinesdal
Åseral kommune		4540 Åseral
Sira Kvina Kraftselskap	Pb. 38	4440 Tonstad
Otteraaens Brugseierforening c/o Otrakraft		4746 Rysstad
Statkraft, Region Vest-Norge	Pb 233	4201 Sauda
Lyse Produksjon AS	Pb. 8124	4069 Stavanger
Norsk Hydro ASA	Olje & kraftdiv.	0240 Oslo
Agder Energi Produksjon AS	Serviceboks 603	4606 Kristiansand
Statnett SF Region Sør-Norge	Hylen	4237 Suldalsosen
Vest-Agder Fylkeskommune	Fylkeshuset	4614 Kristiansand
Aust-Agder Fylkeskommune	Boks 606	4809 Arendal
Telemark Fylkeskommune	Fylkeshuset	3706 Skien
Fylkesmannen i Hordaland	miljøvernadv. Pb. 7310	5020 Bergen
Fylkesmannen i Rogaland	miljøvernadv. Pb. 59	4001 Stavanger
Fylkesmannen i Telemark	miljøvernadv. Statens hus	3708 Skien
Fylkesmannen i Aust-Agder	miljøvernadv. Serviceboks 606	4809 Arendal
Fylkesmannen i Vest-Agder	miljøvernadv. Serviceboks 513	4605 Kristiansand
Statens Vegvesen Sør	Serviceboks 723	4808 Arendal
Setesdal Ryfylke Villreinlag	v/ Kristian Steine Ånundlia 8 A	4330 Ålgård
Villreinnemnda for Setesdalsområdet		
	v/ Margit Smeland, Smeland 340	4865 Åmli
Verneområdestyret v/ leder Tarald Myrum		4740 Valle
Stavanger Turistforening	Pb. 239	4001 Stavanger
Kristiansand & Oppland Turistforening	Pb. 633	4665 Kristiansand
Norsk Villreinsenter Sør Skinnarbu		3661 Rjukan
Norsk Villreinsenter Stiftelsen	Tungasletta 2	7047 Trondheim
Statens Naturoppsyn (SNO)	Pb. 5672 Sluppen	7485 Trondheim

Norsk Villreinsenter Nord: NO-2661 Hjerlinn | +47 95 05 47 55 | E-post: post.nord@villrein.no
Norsk Villreinsenter Sør: NO-3660 Rjukan | Telefon: +47 35 08 05 80 | E-post: post.sor@villrein.no
Stiftelsen Norsk Villreinsenter: NO-7485 Trondheim | Telefon: +47 48 10 10 48



Kopi, kun sendt elektronisk

DN

NINA

Verneområdeforvalterne i SVR og leder Tarald Myrum

SNO v/ Peter Hermansen, Reidar Sandal og Jon Erling Skåtan

Medlemmer og varamedlemmer i Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Setesdal Ryfylke villreinlag v/ sekretær og Knut Nomeland

Setesdal Austhei villreinlag v/ sekretær

Sira Kvina Kraftverk v/ Per Øyvind Grimsby

Statkraft v/ Kåre Paulsen

Statens Vegvesen v/ Arne Heggland

Stavanger Turistforening v/ Kjell Helle Olsen

Våmur Roan villreinlag v/ leder Jørund Valebjørg

Villreinnemnda for Setesdalsområdet v/ sekretær Jørn Haug

Kommunene Odda, Valle og Forsand

Fylkeskommunene i Rogaland og Hordaland

Norsk Villreinsenter Nord: NO-2661 Hjerkind | +47 95 05 47 55 | E-post: post.nord@villrein.no
Norsk Villreinsenter Sør: NO-3660 Rjukan | Telefon: +47 35 08 05 80 | E-post: post.sor@villrein.no
Stiftelsen Norsk Villreinsenter: NO-7485 Trondheim | Telefon: +47 48 10 10 48